

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

J.-NR. 4955/43.

HERMANSVERK 9.oktober 1943.

TELEFONNR.:  
KONTORET ..... 57  
FYLKESMANNEN PERSONLIG .... 56

Formannen i byggjenemnda for Lavik Helseheim,  
herr distriktslækjar Pettersen, Lavik.

Om godtgjersla til byggjenemnda.

I tilføre av herr formannen sitt brev hertil av 6/9 d.å.  
om ovannemde sak skal eg hermed seia frå, at eg ikkje har noko å  
merka til den deling av godtgjersla til byggjenemnda som er sett  
opp i Dykkar nemnde brev og som byggjenemnda -unnateke Ringereide -  
er samd i.

Etter vedtaket i fylkesformannsmøte den 12.mai d.å. er det  
føresetnaden, at godtgjersla vert ført til utgift i byggjerekneskapen,  
Jfr. brev herfrå av 20.mai d.å.

*Vedlegg  
K.M.*